

MØTEBOK FJORD KONTROLLUTVAL

Møtedato: 7. september 2021
Møtestad: rådhuset, Valldalen

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad, Gudmund Relling, Tanja Mathiesen og Nina Grøndahl

= **5 voterande**

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

Frå kontrollutvalssekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug.

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Karl Andre Birkhol.

Fjord kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 12/21

Møtedato: 7. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTET 8. JUNI 2021

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 31. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 8. juni 2021.

Fjord kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 13/21

Møtedato: 7. september 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

FORENKLA ETTERLEVELSESKONTROLL 2020

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 31. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Fjord kontrollutval tek revisor sin uttale til orientering.



BUDSJETT FJORD KONTROLLUTVAL 2022

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 31. august 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Fjord kontrollutval tilrår ei budsjettramme for kontrollarbeidet 2022 på kr 790.000,- slik:

1. Kurs og reiseaktivitet knytt til opplæring og erfaringsutveksling kr 40.000,-.
2. Kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA kr 750.000,-.
Fordelt på kr 500.000,- til rekneskapsrevisjon/andre tenester og kr 250.000,- til forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll.

Eventuelt:

Leiar Jonas Falch tok oppspørsmålet om web TV overføring av kommunestyremøte i Fjord kommune. Kommunedirektøren svarte at dette arbeidet var i gang og at det vil bli ordna i løpet av 2021.

Kontrollutvalet bad om at på neste møte får dei ei orientering kring barnevernreforma og korleis Fjord kommune er budd på denne reforma.

Møtet var slutt kl. 10.55

Jonas Falch
Leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
Nestleiar
(sign.)

Gudmund Relling
Medlem
(sign.)

Tanja Mathiesen
Medlem
(sign.)

Nina Grøndahl
Medlem
(sign.)